

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016

Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

Nestleiar i kontrollutvalet, **Kristian Helland (KrF)**, orienterte.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvalningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjoner, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynne blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneholder informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismar i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis.
6. Sikre at all kommunikasjon med søkjrarar, som har betyding for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.